



Det er mykje stein på toppen av Ulvanåso!

August er månaden for fjellvandring og Magne L. Heggøy har sendt oss ein bildeserie frå ein fascinerande tur frå Uskedalen over Ulvanåso til Holmedal i førre veka.



Undervegs til Tveitadalen

Turen starta i tåke, men etter to og ein halv time då dei var halvvegs til toppen var dei over tåketeppeet. Det var ein fantastisk syn som breidde seg ut over "lokket" som tekte Uskedalen.

På ettermiddagen letta tåka, då dei var på veg ned i Tveitadalen. Då dei kom fram dit sju og ein halv time etter starten besto selskapet av fem vaksne med sveitte klær og tre hunder med såre poter.

- Det er vilt og vakkert over Ulvanåso. Turen er ikkje for pyser og krev verkeleg godt fottøy og god konsentrasjon, er konklusjonen til Heggøy.



Blikk mot sjøve eggen



Nåso er Uskedalens mest fascinerande fjell